

# TROLDALEN NØRDRE



*Av Knut Raastad, skrivi i 2004*

*Dette bruket som er nördre del av Trolldalen i dag har også vore nemnd som Puncheløkken (Ponslykkja) og Trælvigløkken. Knut Knutsen Faukstadeie eller Hållåeige 1815-1872 vart i 1845 gift med Marit Olsdotter nördre Vetlsæter f. 1817, d. etter 1900. Dei var ved folketellinga i 1865 busette i Trælvikløkken, men Bygdabok for Lom nemner at dei tidlegare var i Vistestrind. Knut Knutsen fekk feste på Trolldalen i statsalmenninga i 1872, men han døydde same året. I 1875 var det enkja som er nemnd som eigar og bestyrar av bruket. Knut og Marit hadde sonen*

*Knut f. 1848*

*Denne yngre Knut Knutsen var gift med Anne Pedersdtr. Ulsbustugu f. 1852, dotter til Per Sveinson, og etter vigsla bur dei i Vistestrind. Dei hadde barna*

*Ola f. 1873, utlytt til Quebeck i Canada 1896*

*Marit f. 1875, utlytt til Queback i Canada 1896*

*Embjørg f. 1875, utflytt til Quebeck i Canada 1896*

*Per f. 1882, utflytt til NewYork i 1901*

*Mari f. 1885, til Minnesota i USA i 1901*

*Edvard f. 1888, til Minnesota i USA i 1901, skal ha delteke i 1. verdenskrigen*

*Anton f. 1891, til Minnesota i USA i 1901, skal ha delteke i fyrste verdenskrigen*

*Ola var truleg fødd i Vistestrind, medan dei andre var fødde i Trolldalen. Knut og familien har truleg flytta til Trolldalen etter at*

*faren vart borte, for i 1875 var dei busette der saman med mora. Knut Knutsen har fått ny festekontrakt i 1883. I 1900 budde familien framleis i Trolldalen, men Knut var registrert som mellombels fråverande i og med at han var i Amerika. Knut tok utflytjing til Halifax i 1893, men har vore heime att for i 1896 tok han med seg dei tre eldste til Quebeck. Dei har reist vidare til Minnesota, for i 1901 reiste Anne og dei yngste barna etter dit. New York, Halifax og kanskje også Quebeck var truleg ikkje noko reisemål, men helst berre oppgjeve som ilandstigingshamn, kanskje fordi det ikkje var nøyaktig planlagt kor dei skulle slå seg til. Det er kjend at Knut dreiv som murar, bl.a. i Odin i Minnesota.*

*Nørdre Trolldalen vart etter at folket flytte frå samanslege med søre Trolldalen. Husa låg om lag der driftsbygningen i Trolldalen står nå, og jordvegen var nedover frå der.*

*I 1875 var det i nørdre Trolldalen 2 sauer og 8 geit. Det vart sådd ¼ tønne bygg, 1 tønne poteter og litt rug.*

*Kjelder: J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 47*

*K.B.Storvik 1999: Draumen om eit bedre liv, s. 97*

*Folketellingar 1865, 1875, 1900*

*Utskrifter kyrkjebok for Vågå*

*Festekontrakter*

*Asbjørn Trolldalen: munnleg fortald*